



## Rapport etter medverknadsprosess 1. plandel

### Bakgrunn

Plan- og bygningslova fastset at kommunar skal legge til rette for medverknad i planprosessar. Særleg legg dei vekt på at kommunen har eit ansvar for å legge til rette for at barn og unge skal få moglegheita til å vere aktivt medverkande. I planprogrammet er det gjort greie for at ein vil legge til rette for ein grundig medverknadsprosess der alle interessentar skal ha moglegheit til å kome med innspel.

Denne medverknadsprosessen har hatt som mål å sikre brei medverknad til 1. plandel i KDP – Tidleg innsats og livsmeistring: Overordna mål, visjonar og satsingsområde samt å gje eit inntrykk av korleis stoda i Voss herad er per no, knytt til tidleg innsats og livsmeistring.

### Metode

Det er nytta 4 ulike metodar i medverknadsprosessen: SWOT-analyse, Idédugnad, spørjeundersøking, intervju og spørsmål til barn og unge gjennom barnehage og skule. Dette er gjort då medverknadsgruppa er ei samansett gruppe, frå barn og unge, foreldre, profesjonelle aktørar og frivillige. Uavhengig av kva metode som er nytta har målet vore det same, å gje respondentane moglegheit til å koma med innspel på kva som er viktig for dei, kva som er utfordrande og kva me bør satse på.

SWOT-analysen vil ikkje bli tatt med i denne rapporten, men skal nyttast i neste plandel, handling og samhandling.

## Gjennomføring

### Idédugnad

Ved gjennomføring av idédugnad har personar frå arbeidsgruppa vore rundt på dei ulike einingane. Ein har gjeve noko informasjon om mål for planen, planen sin struktur og plan- og medverknadsprosessen. Respondentane har ikkje fått noko informasjon om tendensar som ein ser gjennom forskning eller nasjonale analyser/ rapportar. Bakgrunnen for dette var ynskje om at respondentane i størst mogleg grad skulle stå fritt til å kome med sine innspel og sine opplevingar av kva som er viktig, utan å vere farga av prosjektgruppa sine meiningar. Ved gjennomføring av Idédugnad i barnehagane og skulane har ein valt å ta med eit utval barnehagar og skular, for å spare tid. Det vart lagt vekt på at skulane og barnehagane skulle ha ulike kvalitetar, sentrum versus utkant, liten versus stor, kommunal versus privat og barnehage, 1. – 10. skule, ungdomsskule og VGS.

### Foreldreundersøking

Foreldreundersøkinga vart gjennomført digitalt i perioden 27.2. – 14.3.2023. 616 foreldre til barn i alderen 0 – 25 år deltok i undersøkinga.



Undersøkinga vart sendt ut til alle foreldre med barn i barnehage og grunnskule. I tillegg vart undersøkinga publisert på facebook og nettsida til heradet. Ettersom undersøkinga vart publisert på nett kjenner ein ikkje det totale tale som har hatt undersøkinga tilgjengeleg og kan ikkje sei noko om svarprosent. Ein reknar med å ha nådd kring 12% av barnepopulasjonen (4763 personar, 0 – 25 år). Då er det ikkje tatt høgde for at kvar familie har fleire barn. Så det reelle prosent vil vere noko høgare.

I tillegg til den digitale foreldreundersøkinga har ein gjennomført intervju med 9 minoritetsspråklege foreldre. Dette vart gjort i samarbeid med vaksenopplæringa og Røde kors. Minoritetsspråklege foreldre kan ofte vera vanskelegare å nå med slike undersøkingar grunna språkvanskar. Det vart vurdert som føremålstenleg å gjennomføre intervju for å sikre at ein fekk innspel også frå minoritetsspråklege foreldre. Dette gav også arbeidsgruppa ein god moglegheit til å justere spørsmåla etter erfaringane ein gjorde seg i desse intervju.

### Medverknad for barn og unge

For barn og unge nytta ein same metode som vart gjort av Vossaklima 2030. Ei ferdig «pakke» med informasjon og spørsmål som kunne nyttast i barnehage og skule ([Medverknad for barn og unge - Voss herad](#))

Innspela som har kome frå barn og unge er gode, men dessverre få. Det er ikkje kome noko frå elevar på VGS og kun eit fåtal frå ungdomsskuleelevar. Dette medfører at spørsmålet «Om du var ordførar på Voss, kva ville du gjort for at alle barn og unge skulle få ein god oppvekst?» ikkje kan takast med grunn omsyn til personvernet.

## Analyse

### Idédugnad

For å analysere data som har kome inn gjennom idédugnaden har ein nytta koding. Ved open koding ser ein på innspela som har kome, og kva dei faktisk handlar om. Vidare er det laga 6 hovudkategoriar med påfølgande underkategoriar. Hovudkategoriane er ikkje laga på førehand, men er kome til etter kvart som ein har koda og kategorisert innspela. For idédugnaden som er gjennomført i 1. plandel vart hovudkategoriane sjåande slik ut.

<b>Barn unge og familiar</b>	<b>Koordinering, samarbeid og informasjon</b>
<b>Tilsette</b>	<b>Skule og barnehage</b>
<b>Tidleg innsats og tiltak</b>	<b>Tema som bør belyst i planen</b>



Ved å kategorisere innspela på denne måten vert det meir oversiktleg, og ein ser kva respondentane er opptekne av. Feilmarginane oppstår dersom den som kodar ikkje forstår eller misforstår kva respondenten har meint med innspela.

## Foreldreundersøking

Foreldreundersøkinga er laga i form, og vert såleis analysert for oss. Det gjev ein tydleg oversikt over kva foreldre er mest opptatt av og kva dei ynskjer støtte.

## Medverknad for varn og unge

Her har ein nytta same metode som for idédugnaden. Tolka svara og delt dei opp etter kategori. Det er nytta wordart, for å illustrere kva barna og dei unge er mest opptatt av (sjå resultat under).

## Resultat

Dette er respondentane mest opptatt av:

### Idédugnad

Gjennom idédugnaden har me fått inn mange innspel. Det er kome inn 368 utfordringar, 432 innspel til satsingsområde, 188 tema som bør omtalast i planen og 124 andre innspel.

<b>Barn unge og familiar</b> <b>Satsingsområde</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Psykisk helse, livsmeistring, robuste barn og sjølvkjensle - Eg er god nok som eg er</li><li>2. Like moglegheiter for alle (barnefattigdom)</li></ol>	<b>Utfordringsbilete</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Sosioøkonomisk ulikskap og barnefattigdom</li><li>2. Barn og unge som strevar med psykisk uhelse, psykososiale vanskar og kjensleregulering</li><li>3. Utanforskap, einsemd og mobbing</li><li>4. Barn og unge som har negativ åtferd- og språkbruk. Dei kan streve med å ta i mot beskjedar og viser respekt for andre barn og vaksne</li><li>5. Manglande møtepunkt for ungdom, spesielt unge som bur på hybel på Voss</li><li>6. Barn og unge sin bruk av skjerm og sosiale media samt manglande nettvett</li><li>7. Usikre foreldre og foreldre som strevar i forelderolla</li><li>8. Tilgjengelegheit og kollektiv transport</li></ol>
<b>Koordinering, samarbeid og informasjon</b> <b>Satsingsområde</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Systemnivå: Styrka samarbeidet mellom tenestene, tverrfaglegheit</li></ol>	<b>Utfordringsbilete</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Tverrfaglegheit, koordinering og samhandling mellom ulike tenester/avdelingar</li></ol>



<ol style="list-style-type: none"><li>2. Individnivå: Felles mål, koordinerte tenester og samhandling med barnet i fokus</li><li>3. Samarbeid med og mellom frivillige lag og organisasjonar (skaffe frivillige)</li><li>4. Få ut informasjon om tenester og tiltak, til brukarar og tilsette</li></ol>	<ol style="list-style-type: none"><li>2. Informasjonsflyt, og informasjon til brukarar og tilsette</li><li>3. Kunnskap om kvarandre sine tenester og tiltak</li></ol>
<b>Tilsette</b> <b>Satsingsområde</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Sikre nok kompetente tilsette</li><li>2. Kompetanseheving ( dømme på ulike tema: ASK, spesialpedagogar, barn med flyktningbakgrunn, åtferdsvanskar, relasjonskompetanse)</li></ol>	<b>Utfordringsbilete</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Kommuneøkonomi og mangel på ressursar/ tilsette</li></ol>
<b>Skule og barnehage</b> <b>Satsingsområde</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Auka grunnbemanning i skule og barnehage. Variert fagkompetanse og høg lærartettleik</li><li>2. Leik i barnehage og skule</li><li>3. Klasse- og skulemiljø</li></ol>	<b>Utfordringsbilete</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Barn og unge som strevar med ufrivillig skulefråvær/ skulevegring</li><li>2. Overgangar (Barnehage – skule)</li><li>3. Ansvarsfordeling og samarbeid heim – skule</li></ol>
<b>Tidleg innsats og tiltak</b> <b>Satsingsområde</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Styrka foreldreferdigheiter: Lågterskeltilbod, foreldrerettleiing, foreldrekurs, foreldrenettverk</li><li>2. Møte ungdommane der dei er – Utekontakt, Fritidstilbod og Sosiale arenaer</li><li>3. Rusførebygging og SLT-arbeid</li></ol>	<b>Utfordringsbilete</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. For lite førebygging og manglande tiltaksbank for å gje lågterskeltilbod</li></ol>
<b>Tema som bør belysast i planen</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Livsmeistring, sjølvkjensle og respekt for andre</li><li>2. Ulike tiltak</li><li>3. Utanforskap, sosioøkonomisk ulikheit og barnefattigdom</li><li>4. Samarbeid, samhandling, koordinering og informasjon</li><li>5. Skule: Skule- og klassemiljø, elevar med samansette vanskar, mobbing og sosial inkludering</li><li>6. Ungdom: Ungdomsmiljø, unge på hybel og unge sin medverknad</li><li>7. Skule: Leik, praktisk oppgåver og fysisk aktivitet</li><li>8. Bemanning og tilsette</li><li>9. Psykisk helse og normale kjensler</li><li>10. Førebygging og tidleg innsats</li></ol>	




## Foreldreundersøking

2. Kva opplever du er det mest utfordrande med å vera forelder i 2023 (inntil 3 val er mogleg)?

[Flere detaljer](#)

● Grensesetjing	117
● Skjermbruk	325
● Sosiale media	178
● Barn/ unge si psykisk helse	143
● Barn/ unge si fysisk helse	20
● Tidsklemma	269
● Økonomi	109
● Søvn og leggerutinar	53
● Utanforskap og mobbing	78
● Oppfølging av skule og opplæri...	73
● Lite nettverk, hjelp og støtte i kv...	54
● Unge sitt forhold til alkohol og r...	14
● Skulevegning	38
● Høge krav og forventningar frå ...	65
● Mi eiga fysiske/ psykiske helse	41
● Annet	20



Figur 1 Viser skjermdump frå svara på foreldreundersøkinga

### Det utfordrande med å vera forelder i 2023


Skjermbruk, tidsklemma og SoMe er topp 3 av det som opplevast mest utfordrande ved å vera forelder i 2023. Videre kjem barn og unge si psykiske helse og grensesetting høgt opp.



3. Kva tilbod/ tiltak kunne vore nyttig for å styrka deg i foreldrerolla, no eller tidlegare (inntil 3 svar er mogleg)?

[Flere detaljer](#)

● Tettare oppfølging frå helsestasj...	52
● Tilbod om foreldreførebuaende k...	79
● Lågterskeltilbod med generell f...	129
● Lågterskeltilbod med spissa fore...	172
● Utvida tilbod om leksehjelp	142
● Økonomisk støtte til fritidsaktivit...	143
● Minikurs om relevante tema på ...	182
● Tilbod om husmorvikar (hjelp o...	134
● Møteplassar for å bygga nettver...	147
● Tips til nettsider der ein kan få r...	91
● Annet	53



Figur 2 Viser skjermdump frå svara på foreldreundersøkinga

## Tiltak til hjelp

Foreldre ser ut til å ynskja støtte og rettleiing i høve utøving av foreldrerolla. Resultata viser at særleg lågterskelkurs knytt opp mot ulike tema kan fenga foreldre. Heile 79% seier dei ville ha nytta seg av slike kurs dersom det var tilgjengeleg. Litt over halvparten (53 %) ville ha nytta seg av eit lågterskeltilbod med meir generell foreldrerettleiing. Det relativt store talet foreldre som ynskjer meir rettleiing i foreldrerolla, kan tolkast dit hen at dette er noko ein bør sats på. Dette er i tråd med dei statlege direktiva ([Foreldrestøtte lønner seg \(bufdir.no\)](#)).


I tillegg til foreldrerettleiing seier foreldra at *Møteplassar for å bygga nettverk med andre foreldre*, *økonomisk støtte til fritidsaktivitetar* og *utvida tilbod om leksehjelp* kunne vore nyttig for å styrka dei i foreldrerolla.



7. Kva tema knytt til barndom, oppvekst og livsmeistring er viktig for deg som forelder (inntil 3 val er mogleg)?

[Flere detaljer](#)

● Psykisk helse	348
● Fysisk helse	99
● Idrett- og fritidsaktivitetar for b...	199
● Barnehage, skule og opplæring	228
● Like moglegheiter for alle (barn...	156
● Tilbod om tiltak som gjev rettlei...	61
● Førebyggjande arbeid	103
● Musikk- og kulturtilbod for barn...	82
● Utanforskap	75
● Sosial arv	16
● Samlingsstader for unge	107
● Mat og fysisk aktivitet	88
● Livsmeistring	179
● Annet	12



Figur 3 Viser skjermdump frå svara på foreldreundersøkinga

## Foreldra er opptatt av

Når det gjeld kva foreldra er opptatt av i høve barndom, oppvekst, og livsmeistring, står Psykisk helse tydeleg fram. Barnehage, skule og opplæring kjem som nummer 2 og idrett og fritidsaktivitetar som nummer 3. Sjølv om ei overvekt av foreldra ynskjer rettleiing i foreldrerolla, er det relativt få som er opptatt av dette på spørsmål 7 (sjå den brune søyla på figuren under).

## «Annet»

På spørsmål 2, 3 og 7 var det ein «annan kategori» der foreldra sjølve kunne skrive inn. Av utfordringar vart skjermbruk og samarbeid med mor/ far (ved delt bustad) tatt opp. Underteikna vurderer at samarbeid med den andre forelderen burde vore eit av vala i undersøkinga. Ser ein til bakgrunn for bekymringsmeldingar til barneverntenesta står konflikt mellom foreldre (både foreldre som bur saman og ikkje) som ei relativt hyppig meldingsbakgrunn. På bakgrunn av dette vil ein kunne anta at dette mogleg ville hatt ein betydeleg svarprosent.

I høve spørsmål 3. kva som kunne ha styrka sei i foreldrerolla, kjem også skjermbruk og SoMe igjen. Der både forbod og felles retningslinjer vert dratt fram. I tillegg ynskjer fleire å ha lenger barselspermisjon og å arbeide redusert for å kunne fylgje opp barna.

## Minoritetsspråklege foreldre



Minoritetsspråklege foreldre ser ut til å ha dei same utfordringane og er opptatt av det same som foreldre flest. Det som tydeleg kjem fram er at utfordringar knytt til språk, det å forstå beskjedar frå barnehage og skule er ei ekstra utfordring for denne foreldregruppa. I tillegg opplever ein del av dei at det kan vera utfordrande å oppdra barn «i to ulike kulturar». Dei stiller også spørsmål ved kva som er lov i norske barneoppdraginga.

## Medverknad for barn og unge



For barna er leik, aktivitetar, familie og venskap viktig. Fleire er også opptatt av dei basale tinga, at ein har eit hus å bu i, mat, klede og er trygge.

Ser ein til medverknadsprosessen som vart gjennomført i høve Vossaklima 2023 og spørsmålet «Kva har vore din beste dag på skulen/ barnehagen», er svara samanfallande

Med helsing

Hilde H. Rogne  
Prosjektleder





## Vedlegg 1.

Følgjande har fått tilbod om å deltatt i medverknadsprosessane i 1. plandel:

Deltakarar	Idédugnad	SWOT-analyse	Spørjeundersøking
<b>Barn og familiar</b>			
Barn og unge			✓
Foreldre/ føresette			✓
Minoritetsspråklege foreldre			✓
<b>Interne</b>			
Barnehagar	Eit utval bhg.	✓	
Skular	Eit utval skular	✓	
Barneverntenesta og Familiesenteret	✓	✓	
Helsestasjon	✓	✓	
PPT, SIB og, logopedi og Meistringsteamet	✓	✓	
Kommunepsykologane	✓	✓	
Integreringstenesta		✓	
Vaksenopplæringa	✓		
Rus og psyk	✓		
Koordinerande eining	✓	✓	
Avd. for menneske med nedsett funksjonsevne			
Førebygging og rehab (Friskliv og meistring)	✓	✓	
Stab oppvekst	✓	✓	
NAV	✓		
Kultur, leiarar	✓		
Stab helse og omsorg	✓	✓	
Rådmannen si leiargruppe	✓		
Kommuneoverlegen	✓		
<b>Politisk</b>			
Råd for MNF	✓		
Ungdomsrådet	✓		
Heradsstyre	✓		
<b>Eksterne</b>			
Voss Gymnas og Voss vgs	✓		
Frivillige: Røde kors, Bymisjonen og Voss frivillighetssentral. Frelsesarmeen meldte avbod	✓		
Politiet	✓		
BUP	✓		
Fastlegane			
Voss idrettsråd	✓		